

Fra: Marthe Hammer[Marthe.Hammer@vlfk.no]  
Sendt: 08.12.2022 08:34:44  
Til: Politisk[Politisk@vlfk.no]  
Kopi: Jannicke Bergesen Clarke[Jannicke.Bergesen.Clarke@vlfk.no];  
Tittel: Spørsmål SAMO - bybanen

---

Spørsmål til møte i utval for samferdsle og mobilitet, samt fylkesutvalet og fylkestinget til sak: «PS 94/2022: Fråsegn til forslag til reguleringsplan for Bybanen BT5 til Åsane»

I framlegg til vedtak står det i punkt 7: «Arbeidet med sykkel gjennom sentrum viser at det ikkje er mogeleg å etablere ein sykkelveg med høg standard langs bybanetraseen utan negative konsekvensar for framkomst for andre trafikantar, trafikktryggleik, verdsarv og byform.»

- Kan fylkesdirektøren gjere meir detaljert greie for kvifor ein ikkje kan etablere ein sykkelveg langs Torget og forbi Bryggen? Og eksplisitt spør eg om kvifor ikkje det er mogleg å flytte sykkelfelta til en sykkelveg på kaisida av bybanen?:
  - Er det riktig oppfatta at valet av designkonsept i 2019 der forslaget «Mot Vågen» til Asplan Viak, Rodeo arkitekter, Sanden + Hodnekvam arkitekter, Zenisk og Studio Holmedal vart vald så har dette vore ei avgjerande premis for at ein i alle planforslag har lagt sykkelfelt på kvar side, og ikkje ein sykkelveg til grunn?
  - Det å skilje syklande, el-syklistar og ikkje minst el-sparkesyklistar frå andre gåande trafikantar er veldig positivt for gåande. Utfordringa med planforslaget er at sykkelfelta er så tett på bybanen at mange ikkje vil oppfatte det som trygt og derfor ikkje nytte det. Eg lurar derfor på kva som er grunngevinga for at ein meiner det fører til negative konsekvensar for gåande å nytte arealet som i dag er sett av til sykkelfelt og heller samle det til ein sykkelveg på kaisiden?
  - Kan fylkesdirektør gjere greie for kva for negative konsekvensar ein sykkelveg på kaisida har for andre trafikantar, og da nærare om eventuell personbiltrafikk, kollektivtransport, utrykningskøyretøy, varelevering?
  - Viss ein uansett må bygge fløyfjellstunnellen sør for å sikre omkøyring, kvifor vil det ikkje da la seg gjere å nytte deler av eksisterande bilveg til sykkel?
- Sist, vil det vere mogleg i den vidare detaljreguleringa og prosjekteringa å kunne komme tilbake til dette med samanhengande sykkelveg på kaisiden, om det skulle vise seg mogleg i forhold til omkøyringsveg og andre trafikantgrupper?

Med vennleg helsing

Marthe Hammer  
Gruppeleiar for SV i Vestland Fylkesting  
Nestleiar utval for samferdsle og mobilitet, og medlem av fylkesutvalet  
Tlf: 97672203